



Rapport frå tilsyn ved Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS – slamkomposteringsanlegg og deponigassanlegg. Rapport nr. 2010.058 og 2010.059

Verksemdas namn:

Nordhordland og Gulen Interkommunale
Renovasjonsselskap IKS

Arkivkode:

2010/37928

Verksemdas adresse:

Kjevikdalen
5956 Vågseidet

Anleggsnr:

1263.0039.04

Organisasjonsnr:

974 702 568

Utsleppsløyve av:

18. januar 1991 og 29. juni 2009

Tidsrom for kontrollen:

17. august 2010

Tilstades frå verksemda:

Rune Ones
Olav Åse

Frå Fylkesmannen:

Sissel Storebø
Barbro Relling
Nina Vadøy Antonsen

Rapporten inneheld

Denne rapporten skildrar avviket som vart avdekkja innan følgjande kontrollerte område:

- internkontroll med vekt på risikovurderingar, avvikshandtering og det ytre miljø
- utsleppskontroll og krav i utsleppsløyve
- drift av komposteringsanlegget
- handtering av deponigass og drift av deponigassanlegget

Hovudkonklusjon

Under inspeksjonen vart det påvist følgjande avvik:

- 1. Verksemda har ikkje tilfredstillande internkontroll.**

Frist for retting av avviket er sett til 1. januar 2011.

Utarbeida dato :

Nina Vadøy Antonsen
overingeniør

Godkjent dato:

Kjell Kvingedal e.f.
seksjonssjef

1. Innleiing

Rapporten er utarbeida etter ein inspeksjon ved Nordhordland og Gulen Interkommunale Miljøverk IKS den 17. august 2010. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt arbeid med å handheve gjeldande krav for å beskytte det ytre miljø. Inspeksjonen fokuserer på at krava skal følgjast og rapporten beskriv eventuelle avvik og merknader som vart avdekkja under inspeksjonen.

Rapporten gjev såleis ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Definisjonar på eit avvik og ein merknad er slik:

AVVIK vert definert som brot på vilkår gjeve i utsleppsløyvet eller gjeldande lover og forskrifter.

MERKNAD er eit tilhøve som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik, men som Fylkesmannen meiner det er rett å peike på for å ivareta og forbetre det ytre miljø.

Alle tilsynsrapportar frå Fylkesmannen i Hordaland er offentlege og vert lagt ut på vår nettstad <http://www.fylkesmannen.no/hordaland>.

2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlag for inspeksjonen var:

- lov om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova), § 7 første ledd/andre ledd og § 29
- forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemda (internkontrollforskrifta)
- forskrift om gjenvinning og handsaming av avfall (avfallsforskrifta), kapittel 9 om deponering av avfall og kapittel 11 om farleg avfall
- utsleppsløyve av komposteringsanlegg av 18. januar 1991
- løyve av 29. juni 2009 til deponidrift etter forureiningslova, gjeve av Fylkesmannen
- verksemda sin eigen dokumentasjon som vart framlagt ved kontrollen

4. Avvik

Følgjande avvik vart avdekkja under inspeksjonen:

Avvik 1:

Verksemda har ikkje tilfredstillande internkontroll.

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5, andre ledd punkt 6 og 7.

Utsleppsløyve av komposteringsanlegget datert 18. januar 1991 og av deponigassanlegget datert 29. juni 2009.

Kommentarar:

Internkontrollen i verksemda er ikkje fullstendig. Internkontrollforskrifta § 5 sett krav til at verksemda skal kartleggje farar og problem for å kunne vurdere risiko, samt utarbeide planar for å redusere risikotilhøva.

Dette gjeld følgjande tilhøve:

1. Risikovurdering

Det er utført ei risikovurdering av verksemda i 2004, men denne inkluderer ikkje komposteringsanlegget for slam og deponigassanlegget. Ved tilsyn vart det opplyst at verksemda skal gjennomføre ei fullstendig risikovurdering som er planlagt å vere ferdig innan utgangen av 2010.

2. Avvikshandtering

Verksemda har ei skriftleg prosedyre for avvikshandsaming, men manglar ein klarare definisjon på kva som er eit avvik.

Eit system for avvikshandsaming skal sikre at uventa hendingar vert handsama på ein systematisk måte. Det skal også sikre at det vert gjennomført korrigerande tiltak som medfører at årsaka til hendinga vert fjerna og at gjentakingar vert hindra.

3. Driftsjournal

Verksemda fører ikkje driftsjournal på komposteringsanlegget for slam. Ifølgje utsleppsløyve av 18. januar 1991 skal verksemda føre driftsjournal som blant anna skal innehalde opplysningar om motteke slammengde, i kva for område slammet er henta, spesielle driftsproblem med vidare. Rapport basert på driftsjournalen skal sendast Fylkesmannen ein gong per år.

4. Gjeldande prosedyrar vert ikkje følgt

Det er utarbeida ei prosedyre for mottak og handsaming av slam datert 23. juni 2008. Ved tilsyn vart det opplyst at denne ikkje vart følgt. Verksemda skal setje i verk rutinar for å avdekkje, rette opp og førebyggje brot på krav fastsett eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleikslovgjevnad (internkontrollforskrifta § 5 nr. 7).

5. Drift og vedlikehald av deponigassanlegget

Verksemda har ei skriftleg rutine for drift og vedlikehald av deponigassanlegget. Rutinen omfattar ikkje overvaking av gasslekkasje/diffuse gassutslepp frå deponioverflata, jamfør krav i utsleppsløyve av 29. juni 2009. I brev til Fylkesmannen datert 30. desember 2009 opplyser verksemda at det er gjort ei vurdering av regelmessig overvaking. I staden for prøvetaking av diffuse utslepp med instrument skal eventuelle soner med tydeleg lukt av deponigass haldast under oppsyn med regelmessig kontroll. Dette må inngå i den skriftlege rutinen.

6. Andre tilhøve**Utsleppsløyve**

Verksemda har eit eldre utsleppsløyve frå Fylkesmannen datert 18. januar 1991. Denne er ikkje oppdatert og i samsvar med dagens praksis. Det vart opplyst ved tilsyn at verksemda vurderer om drifta av kompostering av slam skal halde fram eller ikkje. Fylkesmannen ber om tilbagemelding på dette snarast og seinast 1. januar 2011. Viss verksemda ønskjer å halde fram med drifta må det sendast skriftleg søknad om nytt utsleppsløyve.